

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnr
Plan- og miljøutvalet	06.03.2025	011/25

Oppstart av arbeidet med strategiplan for klima og energi 2026-2030

Kort om saka

Med bakgrunn i Planstrategi for Øygarden kommune 2024-27 har administrasjonen starta opp arbeidet med strategiplan for klima og energi, med mål om endeleg vedtak hausten 2026. Saka gjer greie for tematisk avgrensing av strategiplanen og kunnskapsbehov, samt organisering og framdrift for planarbeidet.

Ved tematisk avgrensing av strategiplanen har kommunedirektøren lagt vekt på at klima og energi er tema som heng tett saman, og at vi derfor bør etablere strategiar som ser desse i samanheng. Dette er dessutan tema der kommunen sine styringsdokument gir lite føringar og retning for drifts- og utviklingsoppgåver i administrasjonen eller ved politiske vedtak. Slik er det ikkje for miljøfeltet, der dei lovpålagte oppgåvene er tydelege, og der eksisterande planverk gir tydelege og viktige føringar for arbeidet. Også for grøn omstilling innan næring og industri er det lagt gode føringar i eksisterande styringsdokument, og desse vert følgt opp i samarbeid med næringslivet.

Kommunedirektøren ser det vidare som føremålstenleg å utarbeide ein strategiplan som tydeleg svarar på føringane i Statleg planretningslinjer for klima og energi. Denne vart vedteken 20. desember 2024, og gir føringar for kva kunnskap kommunen skal ha, mål som skal settast, tiltak og framdrifts- planar som skal verte vedteken.

Eit av hovudmåla i Kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) er at Øygarden kommune skal vere eit klima- og miljøvennleg samfunn. Kommunen som organisasjon skal vere klimaansvarleg og miljøbevisst, og Øygarden skal vere eit berekraftig lågutsleppssamfunn og staden for gode naturopplevingar. Dette er ikkje mål kommunen kan nå åleine, heile samfunnet må dra i same retning. Det er derfor viktig å forankre strategiplanen godt, både i kommuneorganisasjonen og ute blant innbyggjarar, lag, organisasjonar og næringsliv.

Dokument vedlagt saka:

Tittel

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Plan- og miljøutvalet vedtek at arbeidet med strategiplan for klima og energi vert starta opp. Arbeidet skal organiserast slik det går fram av saka, med brei intern og ekstern medverknad. Framdriftsplanen med endeleg vedtak av strategiplanen hausten 2026 skal leggjast til grunn for arbeidet.

Saksopplysningar

Med bakgrunn i planstrategien for 2024-27 har administrasjonen starta opp arbeidet med strategiplan for klima og energi. Kunnskapsgrunnlaget til planstrategien er tydeleg på at vi både lokalt og nasjonalt har store utfordringar med å innfri kriteria for å nå relevante berekraftmål som t.d. «ansvarleg forbruk og produksjon», «stoppa klimaendringane», ta vare på «livet på land» og i «havet/sjøen», og «sikra reint vatn og gode sanitæranlegg til alle». Når berekraftdimensjonane (økologisk, sosial og økonomisk berekraft), vert sett opp mot kvarande er det svært ofte økonomisk berekraft som vert prioritert. Dette til tross for at berekraft berre er ivareteke om ingen av dimensjonane vert svekka.

Gjennom strategiplan for klima og energi må kommunen gjere både verdival og strategiske val for å nå eigne mål i KPS, i tillegg til å svare på nasjonale og regionale føringar og forventningar på feltet.

Nasjonale føringar

Utarbeiding av ein strategiplan for klima og energi er i tråd med ei lang rekke nasjonale og internasjonale føringar, som sett tydelege krav til at klima og energi skal verte høgt prioritert i verksemda vår, og i utviklinga av samfunnet vårt. Lista under gir nokre sentale døme, men er ikkje ein uttamande:

- FN sine berekraft mål for å fremje sosial, miljømessig og økonomisk berekraft
- Internasjonal klimaavtale og Lov om klimamål
- Naturavtalen og Lov om forvaltning av naturens mangfold, samt forskrift om utvalgte naturtypar etter naturmangfaldslova.
- Plan- og bygningsloven
- Forskrift om offentleg anskaffing, § 7-9 Klima- og miljøomsyn i offentlege anskaffingar
- Statlege planretningsliner for klima og energi

Statlege planretningsliner (SPR) for klima og energi (vedteke 20.12.24) skisserer klare forventningar til kva kunnskap kommunen skal ha og ta i bruk i planlegging. Vidare vert det gitt tydelege føringar om at kommunen skal sette seg mål, etablere tiltak og legge til rette for medverknad frå innbyggjarar, næringsliv og sivilsamfunn. Det skal også settast mål i høve klimaomstilling, og effektiv og fleksibel energibruk, både i eigen verksemd og kommunen sitt geografiske område (samfunnet).

Kommunale og regionale føringar

Kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS), legg overordna føringar for all planlegging i kommunen. KPS bygger på FN sine berekraftmål, men har løfta fram åtte av berekraftmåla som skal ha særleg merksemd i utviklinga av kommunen vår.

Eitt av dei fem hovudmåla i KPS slår fast at Øygarden skal vere eit klima- og miljøvennleg samfunn, med følgjande tre delmål, alle med underliggjande strategiar for å nå måla:

- Øygarden kommune er ein klimaansvarleg og miljøbevisst organisasjon
- Øygarden er eit berekraftig lågutsleppsamfunn
- Øygarden er staden for gode naturopplevingar, fordi vi tek vare på naturen vår, på land og i sjø

Men det ligg også relevante føringar under dei andre hovudmåla i KPS, kanskje særleg knytt til målet om at Øygarden skal vere eit kompetent, innovativt og produktivt samfunn, og delmålet om at vi skal vere eit nasjonalt og globalt utstillingsvindaue for innovasjon og grøn omstilling. Gjennom samarbeid med næringsliv og FOU-miljø skal vi vere i førarsetet for det grønne skiftet, vi skal sikra tilgang på rein og føreseieleg energiforsyning og legge til rette for bruk av fornybare energikjelder.

Kommunen har også vedteken kommunedelplan for vatn, avløp og overvatn 2023-2035 (KDP VAO). Planen tek opp i seg hovudmåla frå KPS, og definerar delmål, strategiar og tiltak for vatn, avløp og overvatn i planperioden. Delmål:

- Sikra nok reint drikkevatn til abonnentar i Øygarden kommune
- Reinseanlegga skal reinse avløpsvatnet slik at naturen sin eigen evne til sjølvreinsing ikkje blir overskriden på kort eller lang sikt
- Kommunens vassførekomstar skal oppnå god økologisk og kjemisk tilstand
- Overvatn skal handterast på ein slik måte at risiko for menneske, eigedom og miljø minimerast. I planlegging av overvasshandtering skal tretrinnsstrategien vere førande

Både ØyVAR og kommunen har ansvar for å følgje opp og iversette tiltaka i kommunedelplanen.

Kommunen har også eit ansvar for å følgje opp Regional plan for vassforvaltning 2022-2027. Denne er heimla i forskrift om rammer for vannforvaltningen, samt EU sitt vassdirektiv, og definerer miljøtilstand, mål og tiltak for vassførekomstar (elver, innsjøar, kystvatn) i kommunen. I tillegg ligg det ein rekkje føringar og lovpålagte oppgåver i nasjonalt lovverk (t.d. forureiningslova m/forskrift), som vert følgt opp av kommunen som forureiningsmynde ved eining Arealforvaltning.

Pågåande arbeid og avgrensing mot anna planverk

Ved mange einingar i kommunen er det gjort små og store tiltak og prosjekt med tydelege ambisjonar om positiv klima- og energieffekt, t.d. reint utan kjemikalier hos Reinhald og reduksjon av matsvinn ved institusjonane. Kommunen har også vedteke Anskaffingsstrategi (2024-2027), men ein har ikkje sett seg konkrete mål for klima- og energifeltet, og tiltak og prosjekt har ikkje vore samordna.

I KPS under delmålet Øygarden kommune er ein klimaansvarleg og miljøbevisst organisasjon er det skissert ein rekke strategiar. Tabellen under gir ein kort status for strategiane per januar 2025.

Delmål: Øygarden er ein klimavennleg og miljøbevisst organisasjon	
Strategi	Kommentar
Vi skal redusera eige klimaavtrykk gjennom aktiv miljøleing	Kommunen leverte sitt første klimarekneskap juni 2024, for året 2023. Dette er eit godt utgangspunkt for meir målretta arbeid for å redusere klima- fotavtrykket. Det vil vere sentralt i strategiplan for klima og energi å beregne referansebane, sette reduksjonsmål og utarbeide klimabudsjett og tiltak.
Vi skal sikra at organisasjonen har tilstrekkeleg ressursar til å arbeida systematisk og koordinert med klima- og miljøvenleg samfunnsutvikling	Gjennom omorganisering er det frigitt ressursar til rådgjevarstilling for klima og miljø hos Eigedoms- sjefen. Stillinga vart tiltredd juni 2024. Det er likevel viktig å merke seg at arbeidet krev innsats og eigarskap i heile organisasjonen.
Vi skal aktiv følgja opp våre forpliktingar i avtalen med Klimapartnere Vestland	Vert følgt opp administrativt og politisk
Vi skal aktivt følgja opp våre forpliktingar i Miljøløftet	Vert følgt opp administrativt og politisk
Vi skal arbeida målretta med klimatilpassingar og	Heilskapleg ROS-analyse for kommunen er under revisjon, med vurdering av konsekvensar og tiltak. Naturhendingar

samfunnstryggleik, for å førebygga konsekvensane av flaum, stormflo, vind, tørke, brann, skred og steinsprang.	er ein del av ROS-analysen. Det er utarbeida temakart som viser sårbare objekt (bygningar, vegar o.l.) og naturfare, inkl. framskrive havnivåstiging og stormflo. Denne kunnskapen er det viktig å følgja opp også i KPA, strategiplan for klima og energi, og andre relevante styringsdokument.
---	---

På overordna nivå er kommuneplanen sin arealdel (KPA) eit svært viktig verktøy for å fremme klimavennleg arealbruk, og kan også fremme framtidsretta energiløysingar ved avsetting av areal og/eller gjennom retningslinjer og føresegn. Arbeidet med KPA er i full gang, og det er i ferd med å verte etablert eit breitt og grundig kunnskapsgrunnlag til dette, m.a. arealrekneskap og verdier i Øygarden. Det beste klimatiltaket, både med omsyn til klimatilpassing og for å redusere klimaavtrykket, er å bevare natur så urørt som mogleg, særleg karbonrike areal.

Miljøløftet er eit sentral verktøy i kommunen sitt klimaarbeid der målet er tilrettelegging for klimavennleg transport og mobilitet og 0-vekst i biltransporten. Portefølgja av tiltak er i hovudsak knytt til planlegging og gjennomføring av infrastruktur og anna type mobilitetstiltak i regionsenteret Straume og kommunedelsentra Skogskiftet, Ågotnes og Rong. Gjennom arbeidet med KPA vert det også utarbeida strategiar for lokalsentra som fremmar klimavennleg mobilitet.

Kommunen er også i gang med å følgje opp kommunedelplan for vatn, avløp og overvatn. I samarbeid med ØyVAR, vert overvassnorm for kommunen revidert og samordna med VA-norm og andre administrative føresegn.

Kommunen held også på å rigge arbeidet for å følgje opp private avløp. Det er om lag 4000 private slamavskiljarar i kommunen, mange av eldre dato. Desse er kjelde til avrenning til terreng og vatn. Det er ein stor og omfattande oppgåve å gripe fatt i, men heilt nødvendig for å møte vedtekne mål i KDP VAO og Regional plan for vassforvaltning. Det er elles viktig å understreke at kommunen som lokal forureiningsmynde løpande følger opp saker om forureining og forsøpling.

Framlegg til tema i strategiplan for klima og energi

Kommunedirektøren vurderer det slik at vedtekne kommunale og regionale planar, samt sentralt lovverk, gir gode føringar og retning for miljø/forureiningsfeltet, medan grøn omstilling er godt ivareteke i KPS og gjennom etablert samarbeid mellom kommunen og næringslivet. Grøn mobilitet er også eit område som er godt ivaretatt i pågåande prosessar, og der verkemidlane ligg i Miljøløftet. Arealplanen følgjar opp nødvendig arealbruk for å fremme både grøn omstilling og grøn mobilitet. Sjå Vurdering for ytterlegare drøfting av avgrensing.

Kommunen står derimot utan konkrete mål og strategiar for korleis vi skal redusera klimaavtrykket vårt og tilpassa oss forventa klimaendringar. Statlege planretningslinjer for klima og energi gir tydelege føringar for kommunal klima- og energiplanlegging, og kommunedirektøren legg denne til grunn for arbeidet med Strategiplan for klima og energi. Det vil vere ein omfattande og utfordrande plan å utarbeide, der kommunen må ta stilling til ambisjonsnivå for mål og strategiar, og der moglege tiltak må vere konkrete og målbare. Den særstillinga Øygarden står i som vertskommune for nasjonale/internasjonale verksemdar innan olje, gass og grøn omstilling, gjer at energiutfordringane er store og må takast på alvor. Både kommunen, næringsliv og innbyggjarar må vere førebudd på framtidig energiknappheit og krav om omstilling av energibruken til alternative energikjelde og auka energifleksibilitet

Ut ifrå nasjonale, regionale og lokale føringar og behov, har kommunedirektøren nedanfor satt opp forslag til tema som bør inngå i arbeidet med strategiplan for klima og energi.

Tema	Behov for utdyping eller meir kunnskap
Klimagassrekneskap for den kommunale verksemda, samt	Kommunen utarbeider sitt klimagassrekneskap i verktøyet Klimakost. Det vil vere behov for å bryte tala

referansebane, reduksjonsmål, klimabudsjett og tiltak	ned på tenesteområde, identifisere betydelege utsleppskjelder og område der tiltak vil ha størst effekt. Referansebane og målbane må framskrivast, og effekt av tiltak på bereknast.
Klimagassrekneskap for Øygardssamfunnet, samt referansebane, reduksjonsmål og klimabudsjett og strategiar	Miljødirektoratet offentleggjer klimagass- rekneskap for direkte utslepp innanfor kommunen sitt geografiske område. Rekneskapen er sett opp for ulike sektorar. Det vil vere behov for å framskrive referansebane, målbane og effekt av moglege strategiar. Kommunen har mindre påverknadskraft på desse utsleppa, men må utforske og bruke det handlingsrommet som er mogleg.
Klimagassrekneskap for natur - utslepp/opptak frå skog og arealbruk	Tema må sjåast i samanheng med areal- rekneskapen (indikator for arealbruk), som er utarbeida til KPA. Denne viser planlagt arealbruk slik den ligg i eksisterande planar og berekna klimagassutslepp dersom areala vert bygd ut (arealbruksendring). Gjennom strategiplan for klima og energi, er det behov for å drøfte måltal for kor mykje CO ₂ som kan sleppast ut i samband med arealbruksendring (utbygging av natur). Måla som vert sett må leggjast til grunn ved framtidig rullering av KPA.
Klimaendringar og klimatilpassing	Administrasjonen har utarbeida temakart som viser sårbare objekt (bygningar, vegar, kultur- minne o.l.) og naturfare, inkl. framskrive havnivåstiging og stormflo. Medan vi gjennom KPA må ta sikte på å tilpasse framtidig arealbruk til forventa klimaendringar, er det behov for strategiar og tiltak for tilpassing av m.a. eksisterande infrastruktur og bygningar og kulturminne. Klimaendringane kan får konsekvenser for t.d. naust, kulturminne og septiktankar, og ein må sjå på grensensittet opp mot andre relevante styringsdokument.
Klima- og miljøkrav ved offentleg anskaffing, jf. Anskaffingsstrategi og overordna føringar for utbygging	Som ein innkjøpar og utbyggar, har kommunen stor påverknadskraft for å redusere klimagassutslepp gjennom innkjøp generelt og utbygging spesielt. Kommunen har stort handlingsrom når det gjeld val av utbyggings- areal (natur vs. utbygd), materiale, maskinar, energiløysingar etc. Ved å møte kriteria for grøne lån, kan kommunen får rabttert rente til klima- og miljøvennlege investeringar
Sirkulært økonomi – reparere, gjenbruke, resirkulere	Tema må sjåast i samanheng med klimagassutslepp, men handlar også om vår bruk av verdas ressursar. For å bevege oss bort frå forbruk prega av bruk og kast (lineær økonomi), vil det vere nødvendig å sjå på gode løysingar for gjenbruk og sirkulære forretningsmodellar. Her har kvar og ein av oss stort handlingsrom og moglegheit til å ta eigne val, men det krev ein viss tilrettelegging for nødvendige tilbod.
Energi – effektivisering / omlegging / fleksibel bruk	Øygarden er lokalitet for kraftkrevjande industri og kjenner energiutfordringane godt. Det er behov for å greie ut framskriving av energibehov, potensialet i fornybare energikjelder og kva som skal til for å omlegge til meir fleksibel energibruk (ulike kjelder). I tettstader som Straume, kommunedelsenta og i næringsklyngar kan felles energiløysingar vere eit mogleg grep.

Framdriftsplan

Planstrategien skisserer at strategiplan for klima og energi skal verte vedteken i 2026. Det er viktig å sikre godt kunnskapsgrunnlag og brei forankring både internt i kommuneorganisasjonen, i næringsliv og sivilsamfunnet. Det vert teke sikte på å legge framlegg til strategiplan for klima og energi ut på høyring våren 2026, med slutthandsaming hausten 2026.

Tidspunkt	Aktivitet
Vår 2025	Klimarekneskap og meir analyse av dette Klimaendringar og klimatilpassing – avgrensing i høve KPA
Haust 2025	Politisk drøfting kring utsleppsreduksjon – mål/delmål/referanseår Tiltaksanalyse og reduksjonspotensiale – grunnlag for klimagassbudsjett Utgreiing av energibehov og potensial i alternative kjelder Medverknadsprosessar
Vår 2026	Høyring av forslag til strategiplan for klima og energi Medverknadsprosessar
Haust 2026	Sluttbehandling og kunngjering av vedteken plan

Politisk forankring

Plan- og miljøutvalet er politisk styringsgruppe for planprosessen. Det vert lagt opp til jamlege deling av kunnskap etter kvart som denne vert opparbeida. Det kan vere føremålstenleg å legge opp til drøftingar i utvalet ved behov for å gjere retningsval i planprosessen.

Administrativ organisering / forankring

Kommunalsjef for samfunnsutvikling har ansvar for å etablere styringsgruppe for planprosessen. Administrativt ansvar for gjennomføring av planprosessen er lagt til eininga Eigedomsutvikling.

Prosjektleiaren frå Eigedomsutvikling har ansvar for å sikre:

- At planarbeidet vert gjennomført i samsvar med SPR for klima og energi, samt framdriftsplan skissert i saka.
- Jamne møtepunkt og god dialog med politisk (PMU) og administrativ styringsgruppe gjennom heile planprosessen.
- Administrativ forankring av planarbeidet, ved å etablere tematiske og tverrfalleg samansette arbeidsgrupper, som skal identifisere kunnskapsbehov, og bidra til nødvendige utgreiingar.
- At interesser/aktørar som vert påverka av planarbeidet, vert invitert til medverknad gjennom planprosessen.

Medverknad og informasjon:

Forvaltningslova og SPR for klima og energi legg vekt på at kommunen legg til rette for innspel og medverknad frå innbyggjarar, næringsliv og sivilsamfunn i arbeidet med mål, tiltak og verkemiddel. Kommunen må formidle kunnskap, moglegheitar og utfordringar på feltet klima og energi. Dersom vi skal lukkast med å redusere klimagassutsleppa, omstilla energibruken og etablere ein meir sirkulær økonomi, må heile samfunnet delta i klima-løftet. Offentleg debatt og engasjement vil vere bra, og vi må leggja til rette for ulike arenaer å engasjere seg på (fysisk og digitalt), gjerne på ulike tidspunkt i planprosessen. Gjennom ein interessentanalyse vil ein identifisere ulike aktørar og deira interesser i planen.

Oppfølging av samfunndelen til kommuneplanen

Strategiplan for klima og energi skal utdjupe og konkretisere mål og strategiar som ligg i kommuneplanen sin samfunnsdel. Tidspunkt for oppstart av planarbeidet er forankra i kommunal planstrategi 2024-2027.

Konsekvensar for folkehelse

Føremålet med planarbeidet er å utarbeida mål og tiltak for å sikre reduksjon i klimagassutslepp, klimatilpassing og energiomstilling. Dette er moment som er bra for folkehelsa både på kort og lang sikt. Det er likevel viktig å ha fokus på at klimastrategiane også skal vere sosialt berekraftige og gjere det mogleg for fleire å gjere klimavennlege val.

Økonomiske konsekvensar

For at planen skal bli konkret og resultata målbare, vil det vere naudsynt å nytta ekstern konsulentbistand til nokre av utgreiingane i samband med planarbeidet. Dette vil vere knytt til detaljering av klimarekneskap, framskriving av referansebane og målbane, og berekning av utsleppskutt knytt til ulike relevante tiltak. Slike utrekningar krev kompetanse som kommunen ikkje har. Vidare er det behov for å få gjennomført ein utgreiing av framtidig energibehov i kommunen, potensialet i alternative energikjelder og fleksible løysingar. Ei slik utgreiing vil også vere nyttig som grunnlag for arbeidet med KPA. Dei to utgreiingane er kostnadsberekna til om lag kr. 800 000,- totalt. Medan halvparten vert dekt innanfor driftsbudsjettet for 2025, vil det vere nødvendig å innarbeide resterande kostnad i driftsbudsjett for 2026.

Utan omtalte konsulentbistand vil planen mangle naudsynt kunnskapsgrunnlag, og det vil vere svært utfordrande å ta kommunen sine mål og strategiar dei stega vidare frå KPS som er nødvendig for å oppnå målretta reduksjon i klimagassutslepp, framtidsretta energibruk og meir sirkulær økonomi.

I tillegg til kostnader ved å nødvendige utgreiingar, vil planarbeidet krevja arbeidsinnsats frå administrasjonen i form av prosjektleiing og deltaking i arbeidstgruppe, estimert til om lag 1,2 % årsverk i 2025 og 2026. Planarbeidet vil også krevja innsats frå deltakrar i ei ressursgruppe, og tid til drøfting i styringsgruppe og kommunedirektøren si leiargruppe.

VURDERING OG KONKLUSJON

Gjennom kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) har vi sett oss som mål å vere eit klima- og miljøvennleg samfunn, men vi har ikkje hatt ressursar til å arbeide samordna og systematisk for å nå dette målet. Måla og strategiane i KPS er dessutan overordna, og treng utdjupeing og konkretisering for å at dei skal vise tydeleg retning og vegval.

I Planstrategi for Øygarden kommune 2024-2027 går det fram at det skal utarbeidast «strategisk plan for klima og miljø», nettopp for å gi retning og vegval i arbeidet framover.

Om tematisk avgrensing

I det innleiande arbeidet med tematisk avgrensing og organisering av planarbeidet, har breidda i tematikken vore drøfta. Omgrepet «miljø» er ein nesten altomfattande paraply for tema som t.d. klima, energi, natur, forsøpling, forureining, etc., og vil gjere strategiplanen omfattande, vanskeleg å avgrensa, og svært krevjande med omsyn til kostnader, ressursar og framdrift. For at strategiplanen skal bli eit godt styringsverktøy er det behov for tematisk avgrensing og fokus på arbeidsfelt kommunen har hatt lite aktivitet og samordning på, og der vi manglar felles føringar og retning.

Miljø og forureining

Kommunedirektøren ser at eininga som i fyller rolla som kommunal forureningsmynde, har gode føringar i m.a. sentralt lovverk (lovpålagte oppgåver), strategiar i KPS, og konkrete tiltak i både KDP VAO og Regional plan for vassforvaltning. Dette er føringar, strategiar og tiltak som vert følgt opp i den daglege drifta. Ved behov for ekstra fokus og innsats, vert det etablert målretta prosjekt, og relevante aktørar vert involvert. Døme på slike prosjekt kan vere tilsyn og oppfølging av private avløp, eller karlegging og oppfølging av grunnforureining. Dersom slike prosjekt krev retningsval, vert det lagt fram politisk sak.

Grøn omstilling i næringslivet

Satsinga på grøn omstilling i næringslivet har også vore drøfta i innleiande fase av dette planarbeid. KPS har tydelege strategiar for grøn omstilling som mellom anna vert følgt opp av det interne næringsnettverket og i Framtidssamfunnet. Det vert jobba godt med eksterne aktørar i næringslivet,

t.d. VNR, Øygarmot (næringslivet sitt miljønettverk) og offentlege aktørar, t.d. Grøn region Vestland. Kommunedirektøren vurderer det slik at grøn omstilling i næringslivet er godt ivareteke i eksisterande styringsdokument og på etablerte samarbeidsarenaer.

Grøn mobilitet

Målet om 0-vekst i biltransport og tilrettelegging for grøn og trygg mobilitet er viktig for å redusere klimaavtrykket, både i form av klimagassutslepp og nedbygging av natur. Øygarden kommune er del av miljøløftet, og i dette programmet ligg eit stort portefølgjestyrt verkemiddelapparat for planlegging, utbygging og haldningsskapande arbeid. Også arealbruken er eit viktig verktøy for å fremme grøn mobilitet gjennom strategiar og arealbruk. Ettersom arbeidet med kommuneplanen sin arealdel pågår for fullt, vurderer kommunedirektøren det slik at temaet grøn mobilitet er godt ivareteke i det pågåande arbeidet med Miljøløftet og arealplanen.

Om klima og energi

Det er fleire nasjonale lovar og retningslinjer som sett krav til at kommunen sett mål for felte klima og energi, jf. lov om klimamål og SPR for klima og energi. Dette er to tema som heng tett saman, og kommunedirektøren tilrår at det vert utarbeida ein strategiplan som kan vere eit tydeleg og konkret verktøy for å møte dei overordna forventningane til kommunen, men også for å møte forventningane vi ser hos innbyggjarane og næringslivet vårt.

Klimaendring og klimatilpassing

Klimaendringane vert meir og meir synlege kring oss, men treff ulike delar av verda svært ulik. Ny havnivårapport (Sea-level rise rapport 2024) viser at Noreg vil merke det stigande havnivået i større grad enn kva vi tidlegare har rekna med, og at dette særleg gjeld for Vest- og Sørlandet. [Kartverket](#) omtalar Øygarden som den kommunen i landet med flest bygningar som potensielt vert råka ved ein 200-års stormflo (om lag 4000), og utan klimatilpassing vil talet auke med fleire hundre. Medan KPA må ta omsyn til klimaendringane i den langsiktige arealbruken til kommunen, må Strategiplan for klima og energi sjå nærare på korleis samfunnet elles skal møte klimaendringane, t.d. sikring og bevaring av eksisterande bygningar og kulturminne.

Behov for reduksjon i klimagassutslepp

Vi må ta innover oss at alt tyder på at menneskeleg aktivitet bidreg til klimaendringane. Som kommune har vi ei stor oppgåve med både å bidra til å minimere desse endringane ved å følgje opp klimalova med reduksjon i klimagassutsleppa, både i den kommunale drifta og i samfunnet elles. Klimagassrekneskapen for 2023 viser at meir enn 90 % av klimaavtrykket vårt kjem frå kjøp av varar og tenester. Og nasjonale tal viser at bygg- og anleggssektoren står for 40 % av det nasjonale utsleppet. Strategiplan for klima og energi bør gi tydelege strategiar for korleis vi skal nytte våre innkjøpsmusklar til å redusere klimagassutslepp i både drift og investeringsprosjekt, noko som handlar om både materialval, energiløysingar og utbyggingsareal. Ved behov for utbygging må rehabilitering vektast mot nybygg, natur vektast mot ombruk av bygde areal).

Vidare må strategiplanen utarbeide strategiar for å legge til rett for at samfunnet vårt, t.d. innbyggjarar og næringsliv, kan kutte i sine klimagassutslepp. Dette omfattar både tilrettelegging for utsleppsfri mobilitet og sirkulær økonomi (gjenbruk, resurkulering etc.).

Naturen som klimatiltak

Det er ikkje berre for naturen og artsmangfaldet sin del vi fokuserer på vern av natur, men også det faktum at bevaring av natur er det beste klimatiltaket vi har. Naturen har ein unik evne til å binde til seg CO₂. Ved arealbruksendring (hogst, nebygging, oppgraving), verte lagra CO₂ frigitt og fører til klimagassutslepp. Naturen er også eit godt verktøy for klimatilpassing ved å regulere flaum og tørke (bind vatn ved kraftig nedbør, frigjer ut vatn ved tørke). Framtidig bruk og vern av naturareal vert avklart i KPA, altså den fysiske arealbruken. Strategiplanen må supplere med strategiar som er knytt til samhandling, organisering, informasjonsarbeid o.l. Ikkje minst må kommunen vere bevisst kva fotavtrykk vi sjølv sett i naturen ved utbyggingsprosjekt.

Energiforsyning for framtida

Ein kritisk suksessfaktor for å oppnå positive effektar når det gjeld klimagassutslepp, er sikring av nødvendig energitilførsel. Øygarden er vertsskap for store energikrevjande verksemdar, som på sin side er viktige for den grønne omstillinga vi skal igjennom. Vi har også ein veksande befolkning som må sikrast tilgang på trygg og stabil energi. Kommunedirektøren ser det som svært viktig at strategiplan for klima og energi ser på framtidig energibehov, alternative energikjelder og løysingar som kan bidra til energieffektivisering og fleksible energisystem.

Konklusjon

Det er kommunedirektøren si tilråding at planen vi nå skal utarbeide først og fremst må legge mål og strategiar for arbeidsoppgåver som ikkje har tydelege føringar i eksisterande styringsdokument. Med SPR for klima og energi er dei nasjonale forventningane tydelege, og strategiplan for klima og energi bør svare på desse. Kommunedirektøren ser at det er ei lang rekke kommunar som har gjort denne avgrensinga, t.d. Molde, Sandefjord og Haugesund kommunar

Øygarden kommune er nøydt til å definere målsettingar for klima- og energifeltet, etablere nødvendig kunnskapsgrunnlag og iverksette tiltak som gjer at vi når måla. Dette er ei stor oppgåve som krev fokus og samordning av ressursar internt og eksternt, noko som inkluderer brei medverkand frå både lokalsamfunn og næringsliv

For kommunen si verksemd vil strategiplan for klima og energi følgje opp og utdjupe anskaffingsstrategien, og gi viktige føringar for mellom anna investerings- og utbyggingsverksemda, og drifta av føremålsbygg. Mål og strategiar som vert lagt i denne strategiplanen kan gi grunnlag for revisjon av eksisterande styringsdokument, mellom anna eigeomsstrategien som vart vedteke hausten 2024.

Plan- og miljøutvalet 06.03.2025:

Tilleggsforslag - John Alvsvåg, Miljøpartiet Dei Grøne

Prinsippa i saksframlegget skal leggjast til grunn for det pågåande arbeidet med rullering av KPA.

Tilleggsforslag - Anita Vindenes, Høgre

Plan- og miljøutvalet ber om at administrasjonen held seg innanfor ei økonomisk ramme på maks kr 800 000 for 2025 og 2026 for utarbeiding av planen. Dersom dei økonomiske rammene ikkje kan haldast, skal formannskapet orienterast.

Behandling i møtet

Orientering

Hanna Gjesdal orienterte om saka og svarte på spørsmål frå utvalet. Presentasjon er lagt ved saka.

Votering

Forslaget frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke
Tilleggsforslaga vart samrøystes vedteke

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 06.03.2025 - 011/25

Plan- og miljøutvalet vedtek at arbeidet med strategiplan for klima og energi vert starta opp. Arbeidet skal organiserast slik det går fram av saka, med brei intern og ekstern medverknad. Framdriftsplanen med endeleg vedtak av strategiplanen hausten 2026 skal leggjast til grunn for arbeidet.

Prinsippa i saksframlegget skal leggjast til grunn for det pågåande arbeidet med rullering av KPA.

1. Plan. og miljøutvalet ber om at administrasjonen held seg innanfor ei økonomisk ramme på maks NOK 800 000 for 2025 og 2026 for utarbeiding av planen. Dersom dei økonomiske rammene ikkje kan haldast, skal formannskapet orienterast.